

10.trinn - veke 34 og 35

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærar **10A:** Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærar **10B:** Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærar **10C:** Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

Læringsmål denne perioden:	
Norsk	Du skal vite kva dialekt og sosiolekt er. Du skal kunne dei fire dialektområda i Noreg. Du skal vite kva eit målmerke er, og du skal kunne ulike målmerke på dialekta rundt i landet. Du skal kunne fleire målmerke som kjenneteiknar Jærdialekten.
Engelsk	Du skal kunne bruke ord og uttrykk knytt til utdanning og yrkesval. Du skal kunne formidle eigne interesser, tankar og draumar for framtida både munnleg og skriftleg.
Matematikk	Du skal kunne forklare kva prosent er, og gjere omrekningar mellom prosent, brøk og desimaltal. Du skal kunne finne prosenten, med og utan formel.
KRLE	Du skal kjenne til ulike etiske modellar og kunne reflektere rundt moralske problemstillingar og etiske dilemma.
Samfunnsfag	Du skal kjenne til demokratiske tema, omgrep, uttrykk og kjenneteikn. Du skal kjenne til norske politiske parti, og setje deg inn i Stortingsval 2025.
Naturfag	Du skal kunne forklare kva hormon er, og korleis hormonsystemet verkar.
Tysk	Du skal kunne lage ein samansett tekst om sommarferien din. Du skal kunne namn på årstider og månader, og mange vêruttrykk. Du skal kunne snakkje om vêr og årstider.
Engelsk fdj.	Du skal kunne ord og uttrykk knytta til val og yrkesval. Du skal kunne delta i aktivitetar om yrkesval.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne viktige prinsipp for å starte ei elevbedrift. Du skal kunne bidra med idear og innspel i grupper, og lytte til andre sine tankar.
Kroppsøving	Du skal kunne delta i planlegging av ein overnattingstur. Du skal kjenne til sporlaus ferdsel.
Musikk	Du skal vite kva eit blueskjema er. Du skal kunne spele eit blueskjema på gitar.
K & H	Vi startar opp med oppgåve 1-sjølvportrettkollasj.
Diverse	Velkommen tilbake til nytt skuleår  No er de eldst på skulen og klare for siste året på ungdomsskulen. Me ser fram til eit år med læring, samarbeid og gode opplevelingar! Endring i ordensreglementet Det er ikke lenger lov å forlate skulen sitt område i skuletida, inkludert matfriminuttet. Me tek ein gjennomgang av om dette på trinnet. For nærmare informasjon sjå melding frå rektor på Visma. Mobilhotell Me har mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å la mobilen vere igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levere han inn i mobilhotell. Ipad Me minnar om at elevane må ta godt vare på ipaden. Det er viktig å oppdatere han, og alltid lade han opp heime.

	<p>Bøker Elevane har fått bøker i matematikk, norsk, naturfag, samfunnsfag og i språkfag som i fjer. Det er viktig at de legg bokbind på bøkene slik at me tek vare på dei.</p> <p>Arbeidslivsfag Dei elevane som har dette faget går ein time meir på torsdagar, då sluttar dei kl. 15.25. Dei får difor avspasere første time på tysdagar, og dei startar då kl 09.30.</p> <p>Fotografering Fotografen kjem mandag i veke 34. Klassane tek gruppebilete og portrettbilete. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som elevane får gratis. I tillegg kan de kjøpe valfrie fotopakkar utanom, direkte frå fotografen.</p> <p>Minskole.no/fus Følg med på heimesida vår. Der legg me ut vekeplanen og de finn også timeplanar og diverse info. Det er lurt å abonnere på nyheiter frå 10.trinn. Då får du e-post kvar gong me legg ut noko nytt. Abonnement må fornyast kvart år.</p> <p><u>Veve 34</u></p> <p>Måndag 18.august: Fotografering i aulaen - klassevis og portrettbilete.</p> <p>Kvar dag: Hugs å ta med matpakke (og evt drikke). De får beskjed når kantina opnar. Ingen kan gå heim eller på butikken i matfriminuttet.</p> <p>Den årlege turen til Ulvatjørn blir gjennomført ein dag med fint vær. Turen kan kome litt spontant ei av dei nærmaste vekene. Elevane får informasjon på skulen og me sender melding heim på Visma kor tid det blir.</p> <p><u>Veve 35</u></p> <p>Innan fredag 29.august: Bokbind på alle bøkene dine.</p> <p><u>Veve 36</u></p> <p>Fredag 5.september: Målsjekk i naturfag – hormonsystemet.</p>
Olweus	Klassemiljø + lage klassereglar

Heimearbeid veke 34	
Måndag 18	
Tysdag 19	Naturfag 10A og 10B: Les godt s. 183-187. Fullfør oppgåver og omgrepstabellen i OneNote på side 1.Hormonsystemet.
Onsdag 20	Samfunnsfag: Sjå OneNote heimearbeid v.34. Alle klassane: Gje ferdig refleksjonsnotatet om mål for 10.klasse. Du finn dette på klassen sin OneNote.
Torsdag 21	Tysk: Gjer ferdig "Stilleben"- arbeidet ditt om sommarferien din. Gjer det på OneNote - heimearbeid v.34. Naturfag 10C: Les godt s. 183-187. Fullfør oppgåver og omgrepstabellen i OneNote på side 1.Hormonsystemet. Norsk: Spel inn ei kort lydfil med mor eller far. Plukk ut fem målmerke. Sjå OneNote.
Fredag 22	Matematikk: Gjer heimearbeid v.34 på OneNote. Ta bilete og legg inn det du har gjort. Hugs å vise utrekning og å ha god føring! Engelsk: Gjer heimearbeid v.34 på OneNote.

Heimearbeid veke 35	
Måndag 25	
Tysdag 26	<p>Engelsk: Gjer ferdig boka om deg sjølv («Me now/me in ten years»). Innlevering på OneNote heimearbeid v.35</p> <p>Naturfag 10A og 10B: Les og studer side 192-193. Lag eit venndiagram om nerve og hormonsystemet og fyll inn. Lever på OneNote heimearbeid.</p>
Onsdag 27	<p>Samfunnsfag: Sjå OneNote heimearbeid v.35.</p> <p>Lesing i boka di (norsk): 20 min. Skriv i leseloggen.</p>
Torsdag 28	<p>Tysk: Gjer heimearbeid v.35 i OneNote.</p> <p>Norsk: Lever inn Pagesboka di om dialektar på Teams.</p> <p>Naturfag 10C: Les og studer side 192-193. Lag eit venndiagram om nerve og hormonsystemet og fyll inn. Lever på OneNote heimearbeid.</p>
Fredag 29	<p>Matematikk: Gjer heimearbeid v.35 på OneNote. Ta bilete og legg inn det du har gjort. Hugs å vise utrekning og å ha god føring!</p>